



ÅRSRAPPORT  
NYNORSKSENTERET  
2018–2019

## 1 Status desember 2019

Ved inngangen til 2020 har Nynorsksenteret funne sin plass i HVO-organisasjonen, to år etter omorganiseringa. Det nasjonale hovudoppdraget er det same som før, men vi har no meir samarbeid med andre UH-fagmiljø, både i Volda og andre stader. Det gjeld m.a. Dekomp og anna etterutdanning, styrking av lærarutdanningane og deltaking i ulike FoU-prosjekt.

Som fullverdig eining ved HVO har vi no tilgang til ordningar som stimulerer til meir FoU-aktivitet ved senteret. Dette styrkjer det faglege grunnlaget i arbeidet med kjerneoppgåvene. Det er også med på å auke den individuelle kompetansen til dei tilsette, både reelt og formelt.

Senteret har i dag ein stabil og høgt kvalifisert stab og godt arbeidsmiljø. I dei siste arbeidsmiljøundersøkingane (ARK 2016 og 2019) ligg vi klart over HVO- og UH-gjennomsnittet på dei aller fleste parametera.

Det er eit langsiktig mål at vi etter kvart skal auke staben, som i dag er på 10-11. Først og fremst fordi det vil gi større kapasitet til å nå fleire i alle deler av landet. Fleire tilsette vil også gjere oss mindre sårbare ved sjukmeldingar, frikjøp (t.d. ved vikarstipend) og andre vakansar.

Vi har også i 2018 og 2019 hatt god budsjettkontroll, og med uendra økonomiske rammevilkår har vi gode føresetnader for å kunne drive i balanse også dei komande åra.

## 2 Organisasjon og rammer for drifta

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart etablert i mars 2005. Ordninga var då at Utdanningsdirektoratet hadde den faglege styringa, Høgskulen i Volda var vertsinstitusjon. Dette var modellen til og med 2017. Då bestemte Kunnskapsdepartementet at drifta av dei ti nasjonale sentera skulle omorganiserast. Frå januar 2018 overtok vertsinstitusjonane også det faglege ansvaret. 2018 og 2019 har såleis vore dei to første ordinære driftsåra med Nynorsksenteret som ein fullt integrert del av Høgskulen i Volda.

### **Senteret som del av AHL**

Før omorganiseringa var vi mest redde for at overføringa av det faglege ansvaret frå Udir til ein regional høgskule ville svekke posisjonen som *nasjonalt* senter. Vurderinga etter to år er at det har gått betre enn frykta. Vi har rettnok mindre direkte kontakt med sentrale utdanningsmynde og må halde oss oppdaterte om siste nytt frå Udir og KD på andre måtar enn før. Det er også slutt på at dei nasjonale sentera får oppdrag – med tilhøyrande finansiering – direkte frå Udir. Dette har likevel hatt lite å seie for planlegging og gjennomføring av Nynorsksenteret sine kjerneoppgåver og med strategiske tiltak for å nå ut nasjonalt.

Alt i alt har endringane i vilkåra for drifta vore positiv. Dei tidlegare oppdragbreva frå Udir var til dels svært detaljerte og med mange punkt som var lite relevante for oss. No har vi eit oppdrag med langt færre og meir overordna formuleringar. Det gir oss betre høve til å prioritere dei viktigaste tiltaka og lage gode handlingsplanar etter eigenutvikla mal.

Vi er godt nøgde med plasseringa som ei eining ved AHL, på same nivå som dei fire faginstitutta. Det er her vi finn dei fagmiljøa og fagfolka ved HVO vi har mest kontakt med i det daglege arbeidet. Det er også AHL som organiserer og bidreg mest fagleg i HVO sitt Dekomp- og Rekomp-engasjement.

Tidlegare rapporterte senterleiaren til Utdanningsdirektoratet. No er det AHL-dekanen som har det overordna faglege ansvaret. I det daglege arbeidet har dette lite å bety. Nynorsksenteret har - som dei andre institutta – stort sjølvstende i å organisere og prioritere aktiviteten innanfor dei overordna rammene. Men det er positivt å ha tett kontakt med ein leiar på overordna nivå som kjenner den faglege aktiviteten og som senterleiaren kan rådføre seg med. Både i dei litt større strategi-diskusjonane og i administrative spørsmål, t.d. personalsaker.

Sommaren 2019 flytta Nynorsksenteret frå Lettbygget i utkanten av høgskuleområdet til tredje etasje i Synnøve Riste-huset. Her disponerer vi no ni kontor, nokre reolar i fellesområda og litt anna lagerplass. Denne flyttinga har vore positiv av fleire grunnar. Viktigast er det at det no er mykje lettare å ha god kontakt med dei ulike fagmiljøa ved HVO og med dekan og administrativt personale ved AHL. Samlokaliseringa har heilt klart styrka Nynorsksenteret sin posisjon som ei naturleg og fullt integrert eining ved avdelinga. Standarden på kontorarbeidsplassane og fellesområda er også langt betre på SR-huset.

Det einaste minuset ved å forlate Lettbygget er at vi har mist kontakten med det mangfaldige ph.d.-miljøet. Her hadde vi dagleg kontakt med ph.d.-studentar frå ulike avdelingar og fagområde, noko som ga ein fin miks av impulsar og diskusjonar i gangane og på pauserommet.

### **Oppdrag og målgrupper**

Oppgåvene er i all hovudsak dei same som før omorganiseringa. Det overordna oppdraget er å bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa med utgangspunkt i praksisnær og forskningsbasert kunnskap. Lærerutdanningane har alltid vore ei av målgruppene, men frå 2018 har KD framheva sterkare enn før at denne delen av oppdraget skal prioriterast høgt.

Til og med 2017 fekk Nynorsksenteret eigne oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Det har vi ikkje lenger. Oppdraget er no formulert i eit eige avsnitt i tildelingsbrevet HVO fekk frå KD for 2018 (ettersendt i desember 2017):

*Tidligere avtaler og mandater mellom departementet og de nasjonale sentrene i grunnopplæringen er [...] ikke gjeldende.*

- 1. Departementet forventer at Høgskulen i Volda benytter de overførte midlene til å bidra til økt kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringen og bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringen.*
- 2. Høgskulen i Volda skal videreføre arbeidet med forskningsformidling og praksisnær aktivitet og bistand basert på relevant forskning.*
- 3. Aktuelle målgrupper for arbeidet er lærerutdanningene, skole- og barnehageeiere, ledere og ansatte i barnehager og skoler.*
- 4. Høgskulen i Volda skal bidra til at barnehager og skoler får økt kompetanse til å tolke og operasjonalisere rammeplanen og læreplanverket.*
- 5. Høgskulen i Volda skal videre støtte andre institusjoner og særlig lærerutdanningene i deres arbeid med kompetanseutvikling i skolene og barnehagene.*
- 6. Høgskulen i Volda skal også ved behov være rådgiver for nasjonale utdanningsmyndigheter innenfor nynorsk.*

## Nasjonalt mandat

Både før og etter 2018 har vi hatt fagleg og administrativ base i Volda, men det har aldri vore tvil om at det overordna oppdraget frå KD om at vi skal «bidra til økt kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa og bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa» er landsdekkande. Dette var føresetnaden og utgangspunktet for etableringa i 2005, og det er grunnlaget for alt vi gjer i dag.

Namnet er difor framleis *Nasjonalt* senter for nynorsk i opplæringa. Dvs. at vi skal tilby tenester for målgruppene våre over heile landet, både i område der nynorsk er hovudmål og der det er sidemål. Vi skal også framleis vere rådgjevarar for nasjonale utdanningsmynde i spørsmål som har med nynorskopplæring å gjere.

## Tilsette

Nynorsksenteret er ei lita og oversiktleg eining med minimal administrasjon. I tillegg til leiaren brukar vi berre 0,5 årsverk på ei rein administrativ stilling. Resten av dei tilsette arbeider i all hovudsak med faglege oppgåver, dvs. ressursutvikling, formidling og FoU.

Det meste av arbeidsåra 2018 og 2019 har det vore 10-11 tilsette ved Nynorsksenteret. Ved utgangen av desember var det seks fast tilsette i fagstillingar og to i vikariat/engasjement. I tillegg kom ein seniorrådgjevar i halv stilling med administrative oppgåver og ein åremålstilsett senterleiar. Torgeir Dimmen har vore senterleiar sidan januar 2012. I desember vart han reengasjert i eit nytt fireårig åremål frå januar 2020.

Dei fagtilsette ved HVO har i mange år hatt arbeidsavtalar med eit fastsett timetal for ulike arbeidsoppgåver knytt til undervising, rettleiing og administrasjon, og til FoU. Frå 2018 har dei fagtilsette ved Nynorsksenteret også hatt slike avtalar, tilpassa oppgåvene ved senteret. Dei har også hatt ein liten FoU-del (i utgangspunktet 20 prosent). Dette er nytt, og har gitt rom for større breidde i den faglege aktiviteten, t.d. til artikkelskriving og samarbeid med fagfolk i andre UH-miljø om ulike forskings- og utviklingsprosjekt.

Dei NYS-tilsette kan også søkje på HVO-interne FoU-ordningar, inkludert vikarstipend. Dette opna for at ein av dei tilsette i august kunne byrje på eit femårig ph.d.-løp ved Universitetet i Stavanger, finansiert gjennom HVO/AHL si 50/50-ordning.

I desember vart det lyst ut eit HVO-finansiert ph.d.-stipend i nynorskopplæring med fagleg base ved AHL og Nynorsksenteret. I løpet av hausten 2020 reknar vi difor med at vi får utvida fagmiljøet vårt med ein stipendiat. Emnet er framleis uvisst, men føresetnaden er at dette ph.d.-prosjektet skal vere knytt til *nynorskopplæringa* i skulen på ein eller anna måte. Dvs. midt i kjerneoppdraget til senteret.

## Økonomi

Før omorganiseringa fekk Nynorsksenteret eiga grunnløyving frå Utdanningsdirektoratet. Frå 2018 har midlane til drifta av senteret vore ein del av HVO sitt samla budsjett. Det første året fekk HVO øyremerka midlar. Beløpet var då det same som Udir-løyvinga for 2017, pluss eit indeksregulert tillegg. Frå og med 2019 er desse midlande lagt inn i grunnløyvinga frå KD til HVO utan øyremerking.

For 2019 fekk Nynorsksenteret ei grunnløyving på kr. 6 900 000. Det vart budsjettert med at utgåande balanse skulle gå i null. Dvs. at ein planla å nytte heile det overførte beløpet frå 2018 (kr 615 0000) i tillegg til den ordinære grunnløyvinga. Rekneskapa for 2019 viser eit mindreforbruk på kr. 410 000. Hovudårsaka til dette er at både ei vakante fagstilling (frå 1.8.) og ei langtidssjukmelding berre delvis blei dekt opp ved vikar/engasjement. Vi hadde også større eksterne inntekter (m.a. engasjement i samarbeid med Lesesenteret) og noko lågare reisekostnadar enn budsjettert.

### 3 Aktiviteten i 2019

Aktiviteten ved Nynorsksenteret har alltid vore ei blanding av langsiktige, store prosjekt og tiltak der det har vore kort veg til frå ide til ferdig produkt. I tillegg har vi også mykje fast aktivitet som går jamt (t.d. digital og trykt publisering) og samarbeid med andre som har gått over fleire år (t.d. Tid for ti og Språkløyper). Nokre år har vi prioritert tid og pengar til ekstra store tiltak, t.d. nasjonale konferansar. 2019 var eit slikt år. I november inviterte vi til ein nasjonal fagkonferanse med utgangspunkt i dei nye læreplanane som skal takast i bruk frå hausten 2020 (LK20).

Til og med 2017 laga Nynorsksenteret årsplanar etter ein mal frå Utdanningsdirektoratet. Denne var felles for alle dei ti nasjonale sentera. 2018 var første året vi kunne lage årsplan etter eigen mal, betre tilpassa vår eigen aktivitet og våre prioriteringar. Denne malen vart vidareutvikla og revidert då vi laga den todelte årsplanen for 2019:

Første delen kalla vi *Strategiplan 2019 – 2022*. Den inneheldt følgjande hovudmål:

- I åra fram til 2022 skal Nynorsksenteret styrke posisjonen som leiande *nasjonalt* kompetansmiljø for nynorskopplæring.

I tillegg inneheldt denne langtidsdelen av planen seks delmål:

- Auke budsjettet/inntektene
- Fleire fagleg tilsette
- Fleire med førstekompetanse
- Tilsetjing av ph.d.-stipendiat(ar)
- Utvikle digital spisskompetanse
- Styrke nynorskprofilen i lærarutdanningane

Desse overordna måla i strategiplanen låg til grunn i arbeidet med å prioritere dei meir konkrete tiltaka i årsplanen/handlingsplanen for 2019. I tillegg kom føringar i AHL/HVO sine strategi- og handlingsplanar og ikkje minst aktuelle tema i den nasjonale utdanningspolitikken. Her er «fagfornyninga» og «desentralisert kompetanseutvikling» heilt sentrale stikkord. Dette er store KD/Udir-styrte skulepolitiske reformer som vil prege Nynorsksenteret sine planar dei komande åra.

Målsetjingane i årsplanen/handlingsplanen for 2019 var samla i åtte hovudpunkt:

Nynorsksenteret skal

- vise att betre og nå ut til fleire over heile landet.
- vere nasjonal ressurs for lærarar og skuleeigarar i arbeidet med å førebu bruk av ny læreplan.
- etablere fagmiljø som er leiande i arbeidet for å sikre digitale læringsressursar på nynorsk.
- styrke nynorskopplæringa i lærarutdanningane.
- vidareføre gode fleirårige prosjekt. Etablere nye prosjekt i samarbeid med utvalde skular og barnehagar.
- utvide tilbodet om gode, oppdaterte læringsressursar. Mål: auka bruk.
- legge til rette for kompetanseheving – både individuelt for NYS-tilsette og kollektivt for heile senteret.
- bidra aktivt i HVO/AHL sine etterutdanningstilbod, inkludert Dekomp/Rekomp.

Aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2019 er oppsummert under med utgangspunkt i desse åtte punkta.

## Vise att betre og nå ut til fleire over heile landet

Den viktigaste kanalen for å nå ut nasjonalt er nettsida vår, *Nynorsksenteret.no*. Den vart lagt om og lansert i ny versjon i juni 2018. Framsida inneheld fire hovudkategoriar: Barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande slik at det skal vere lett å finne fram i ressursane for dei ulike målgruppene. På framsida finn ein også lenke til *Nynorsk bok.no* og ei oversikt over nye saker.

Dei siste to åra har vi jobba aktivt med å lage saker som vi trur målgruppene våre er interesserte i å lese. Vi har til dømes hatt mykje kontakt med lærarar frå ulike delar av landet for å høyre korleis dei driv nynorskundervisning. Vi har publisert blogginnlegg frå UH-tilsette om nynorsk i lærarutdanninga og intervju forfattarar som skriv på nynorsk. I tillegg har vi lagt stor vekt på presentasjon. Tekstane skal vere bygde opp på ein måte som gjer at lesarane får lyst til å lese vidare. Gode foto og illustrasjonar har også vore eit viktig satsingsområde i formidlingsarbeidet.

Nynorsksenteret har hatt eigen blogg sidan 2016. Her publiserer vi meningsytringar og andre innlegg både frå NYS-tilsette og eksterne bidragsytarar. I januar 2019 lanserte vi eige nyhendebrev med aktuelle tips, nye læringsressursar og anna relevant stoff. Mykje av innhaldet frå desse kanalane blir også lagt ut på startside til *Nynorsksenteret.no*, som no blir oppdatert mykje oftare enn før. I tillegg bruker vi Facebook aktivt i marknadsføringa av ressursane våre og anna eigenprodusert stoff. Vi har også ein eigen Instagram-konto som er i vekst.

Den samla bruken av netteressursane våre har auka jamt i fleire år (sjå eige oversyn i vedlegg 1). Brukarane er rimeleg godt spreidde over heile landet, både i område der nynorsk er hovudmål og der det er sidemål. Vi har ikkje sikker statistikk på kven brukarane er, men alt tyder på at dei fleste er lærarar eller barnehagetilsette.

I tillegg til formidlinga via nettkanalane, reiser vi ut og held innlegg på fagdagar og konferansar. Vi møter også lærarar og barnehagetilsette rundt om i lokalsamfunna, både etter direkte førespurnad og på eigne initiativ frå oss. Vi prøver då å prioritere stader utanfor det nynorske kjerneområdet.

I 2019 har Nynorsksenteret deltatt på færre fagdagar og skulebesøk enn det som var vanleg for nokre år sidan. *Ein grunn til at vi får færre innbydingar enn før frå skular, kommunar og fagnettverk kan vere at tida og ressursane til etterutdanning no blir kanalisert gjennom Dekomp-satsinga. Vi er sjølve også meir medvitne enn før om å unngå ad hoc-prega «stunt» med avgrensa spreieeffekt. Målet er å heller få til opplegg saman med kommunar og skular der vi kan kome innom fleire gongar og følgje opp over lenger tid.*

I november 2019 arrangerte vi vår eigen nasjonale fagkonferanse på Hamar. Ved å velje ein lett tilgjengeleg konferansestad utanfor det nynorske kjerneområdet vona vi å rekruttere deltakarar frå heile landet, særleg frå område der nynorsk er sidemål. Det slo til. (Sjå eigen omtale i vedlegg 3.)

Ei av dei viktigaste sakene vi arbeidde med i 2019 var å sikre best mogleg vilkår i den digitale kvardagen for nynorskelevane. Dette var m.a. hovudsak på to møte i det Udir-leia *Nettverk for nynorsk i opplæringa*. Nynorsksenteret hadde ei sentral rolle i drøftingane her. Nettverket sende brev til Udir og KD med innspel til tolking av gjeldande forskrift til opplæringslova og til endring av forskrifta.

Saman med LNK var vi også i oppfølgjande møte i KD om digitale nynorskressursar, og vi deltok med innlegg på landstinget deira.

## Vere nasjonal ressurs i arbeidet med å førebu bruk av ny læreplan

Nynorsksenteret har følgd fagfornyinga tett heilt sidan prosessen byrja for tre-fire år sidan. Vi har deltatt på møte og fagsamlingar i Udir-regi og vi har levert høyringsuttalar til dei ulike plandokumenta. Vi har også deltatt i det offentlege ordskiftet om dei nye fagplanane.

I oktober vart vi kontakta av Utdanningsdirektoratet med spørsmål om deltaking i ei responsgruppe som skulle følgje arbeidet med å utvikle kvalitetskriterium for læremiddel som skulle takast i bruk frå hausten 2020. Tilhøyrande rettleiingar skulle også vurderast. Desse skal nyttast til å vurdere læremiddel for innkjøp til skular og skuleeigarar – både papirbaserte og digitale. Anne Marta V. Vadstein deltok på første møtet i responsgruppa i november. Dette arbeidet skal vere avslutta i løpet av våren 2020.

I 2019 byrja vi arbeidet med å revidere læringsressursane våre slik at dei er fullt oppdaterte og klare til bruk når LK20 skal takast i bruk frå skulestart hausten 2020. Vi har publisert artiklar i bloggen, nyhendebrevet og i det trykte meldingsbladet om korleis ein kan drive god nynorskopplæring etter dei nye læreplanane. I tillegg har det det siste året vore eit opplagt tema i alle møte med lærarar, lærarutdannarar og lærarstudentar.

Den nye læreplanen var også utgangspunkt for svært mykje av programmet for den nasjonale fagkonferansen på Hamar. Her trefte vi dessutan perfekt med timinga. Endeleg versjon av LK20 blei lansert dagen før konferanseopninga.

Det nasjonale mandatet vårt blir oppfylt også på andre måtar enn i arbeidet med å førebu bruken av dei nye læreplanane. I 2017 fekk Lesesenteret i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å utvikle nasjonale kartleggingsprøver i lesing. Vi har skrivne avtale med dei om å vere med på å lage desse ressursane, med hovudansvar for nynorskversjonane. Sidan 2018 har to NYS-tilsette vore engasjerte i dette arbeidet i til saman 20 prosent stilling.

## Etablere fagmiljø som er leiande i arbeidet for å sikre digitale læringsressursar på nynorsk

Elevar med nynorsk som opplæringsmål har eit dårlegare tilbod enn bokmåselevane i den digitale skulekvardagen. Dette er godt dokumentert. Mange digitale læringsressursar finst berre på bokmål, og i mange av operativsystema elevane brukar på pc-ane og nettbretta sine er det dårleg eller manglande tilrettelegging for å bruke nynorsk som arbeidsspråk. Dette er noko Nynorsksenteret og andre nynorskorganisasjonar har vore opptekne av dette lenge. Det har m.a. vore mykje framme på fleire av møta våre i Udir og KD dei siste åra (sjå over).

Vi har som mål å vere eit kompetansemiljø som kan gi råd og rettleiing til skular som ønskjer å gje elevane ei tilfredsstillande nynorskopplæring ved hjelp av digitale verktøy. I tillegg ønskjer vi å vere den staden kommersielle leverandørar av IKT-opplæring til skulane vender seg når dei skal leggje til rette for IKT-opplæring av lærarar ved skular med nynorsk som hovudmål. Slik stoda er i dag, får lærarane i nynorskkommunar den same opplæringa som lærarar der elevane har bokmål som hovudmål.

Nynorsksenteret arbeider også for å bli eit naturleg val når produsentar og leverandørar av IKT-verktøy vil omsetje og tilpasse programvarene sine for skular med nynorsk som hovudmål. Vi har difor vore i kontakt med nokre produsentar og drøfta korleis dei kan legge til rette for og eventuelt

lage nynorske parallellversjonar. Hausten 2019 var vi m.a. med på eit samarbeid med spelutviklingsselskapet Eduplaytion om å produsere ein pilot til eit nytt matematikkspel.

Frå 2017 har fleire av dei NYS-tilsette vore engasjerte i delprosjekt 8 i DigiGLU (Digital kompetanse i grunnskulelærerutdanninga). Målsetjinga i dette delprosjektet er å kartlegge og vurdere utvalet av appar og læringsressursar som er i bruk i grunnopplæringa og korleis desse fungerer for nynorskelevane.

I 2019 har ei gruppe frå Nynorsksenteret i praksis drive delprosjekt 8 i DigiGLU åleine. Vi har samla informasjon og hatt fleire møte med lærarar og skuleeigarar, inkludert observasjonsbesøk i klasseromma. Dette gitt oss grunnlag for å lage eigne rettleingsressursar til hjelp for lærarar som ønskjer å legge til rette for ein betre digital skulekvardag for nynorskelevane.

Nynorsksenteret har etter kvart fått bra oversyn over det digitale skulelandskapet og innsikt i problemstillingane knytt til manglande tilbod til nynorskelevane. Vi veit mykje om kva som kan og bør gjerast, både i bruken av dei digitale verktøya og reguleringar frå sentrale utdanningsmynde. Dette er eit fagfelt vi kjem vi til å prioritere høgt dei komande åra.

### Styrke nynorskopplæringa i lærarutdanningane

I samband med omorganiseringa i 2018 vart det understreka spesielt frå KD at dei nasjonale sentera skulle styrke UH-institusjonane på fagområda sine. Lærarutdanningane har alltid vore ei av målgruppene for Nynorsksenteret. I 2015 etablerte vi *Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga* med representantar frå dei fleste av UH-institusjonane som tilbyr lærarutdanning. Nettverket har hatt fagsamlingar to gongar i året og elles drive erfaringsutveksling i andre kanalar.

Det har vist seg å vere vanskeleg å nå ut til alle fagmiljøa med impulsar og idear frå nettverksamlingar der det berre var ein – eller kanskje ingen – frå kvar institusjon. I 2019 vart dessutan vårsamlinga avlyst pga. mange forfall. Dette året har vi difor drøfta alternative måtar å nå ut til lærarutdanningane på. Målet er å involvere fleire LU-utdannarar i norskmiljøa på kvar UH-institusjon slik at styrkinga av nynorskopplæringa blir betre forankra og dermed kan føre til varig endring.

Vi held fram kontakten gjennom nettverket, men inntil vidare utan halvårlege samlingar. Vi planlegg i staden å bruke tid og pengar på ein systematisk besøksrunde til alle lærestadane. Vi vonar å greie dette i løpet av tre-fire år, frå og med 2020. Vi planlegg også å innby alle LU-miljøa til ein nasjonal konferanse om nynorsk i lærarutdanninga seinhausten 2020.

### Vidareføre gode fleirårige prosjekt. Etablere nye prosjekt i samarbeid med utvalde skular og barnehagar.

Nynorsksenteret har heilt frå starten vore involvert i utviklingsprosjekt ved skular og barnehagar over heile landet. Målsetjinga med å bruke ressursar på slike samarbeidsprosjekt er todelt. For det første gir det auka merksemd lokalt og auka kompetanse hjå lærarar og barnehagetilsette i den aktuelle kommunen. Like viktig er det at vi kan bruke røynslene frå barnehagane og skulane i arbeidet med å utvikle og formidle nye læringsressursar.

Ein periode (2009-2013) fekk vi ekstra løyvingar frå Udir til ein eigen tiltaksplan med store og små nynorskprosjekt ved 32 skular og sju barnehagar. (Sluttrapportar sendt til Udir i juli 2013) Dei siste åra – utan øyremerka prosjektmidlar – har vi hatt færre store skule- og barnehageprosjekt. I 2019 hadde vi berre tre-fire. Vi prøver no helst å finne samarbeidspartnarar utanfor det nynorske



kjerneområdet og som vi kan følge opp over ein lenger periode. Det er også ei kriterium at dei nye prosjekta kan gi grunnlag får ny kunnskap og nye ressursar på område som vi ynsker å prioritere.

I tillegg til eigne skule- og barnehagebaserte prosjekt, har vi i 2019 både vidareført og starta formidlingstiltak i samarbeid med nokre eksterne samarbeidspartnarar. Vidareførte prosjekt er *Lesegledarordninga* i samarbeid med tre fylkesbibliotek på Vestlandet (frå 2014) og *Tid for ti* i samarbeid med Foreningen !Les (frå 2015). I 2019 var vi tillegg med på eit stort Bokår-finansiert prosjekt saman med m.a. Nynorsk kultursentrum og LNK/Framtida. Her hadde vi ansvar for to delprosjekt; Bok på 1-2-3 og ei kåring av beste nynorske barne- og ungdomsbøker (Sjå vedlegg 4).

Vi har vore engasjerte i den nasjonale Udir-finansierte satsinga *Språkløyper* sidan starten i 2015. Lesesenteret og Skrivesenteret har hatt det faglege og administrative ansvaret, og i tett samarbeid med fagmiljøa deira har vi utvikla fleire av dei ressurspakkane som no er tilgjengelege på den store ressursbasen for lærarar. I 2018 og 2019 har vi laga vi ressursar både for nynorsk sidemål og hovudmål og for språkleg rettleiing. I samarbeid med AHL/ISL-kollega Wenke Mork Rogne har vi også laga ein pakke om lesing av tekstar frå fleire kjelder. Medieproduksjonen i denne pakken er tidlegare produsert av Nynorsksenteret i samarbeid med Lesesenteret.

### Utvide tilbudet om gode, oppdaterte læringsressursar

Å utvikle og formidle læringsressursar er ei kjerneoppgåve for Nynorsksenteret. Vi har no eit stort utval av gode og varierte ressursar for mange ulike målgrupper. I 2019 byrja vi arbeidet med å revidere eksisterande ressursar slik at dei er oppdaterte til skulane sitt arbeid med planlegging av undervisinga etter LK20 frå hausten 2020.

I 2019 har vi laga om lag 20 nye ressursar for ulike aldersgrupper. I tillegg har vi revidert og utvida ein del av dei gamle. Nokre av dei nye ressursane er svært store og samansette, t.d. Biletbokprosjektet og ein ressurs om kreativ skrivning. Andre er små, t.d. ressursar knytt til bøker i bokbasen *Nynorskbok.no* eller til teikneseriar. (Sjå meir detaljert oversyn over dei nye ressursane våre i vedlegg 2)

Stadig fleire finn ressursane våre på nettet. Frå 2018 til 2019 auka talet på unike brukarar av *Nynorsksenteret.no* med nesten 26 prosent, til 157 396. I tillegg har senteret nokre andre domene, der *Nynorskbok.no* med 77 337 brukarar i 2019 er det største. Det har vorte publisert 52 nye bokomtalar på *Nynorskbok.no* i 2019. (Sjå fleire detaljar i vedlegg 1.)

På papir har det gått ut kring 10 000 eksemplar av det populære heftet *Nynorsk på 1-2-3* i året som gjekk. Elles har senteret oppdatert og distribuert hefte med nynorske boktips for ulike aldersgrupper.

Nynorsksenteret har samarbeidd med Lesesenteret om utvikling av ressursar i *Språkløyper*. I tillegg har vi samarbeidd med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet om ressursheftet *Saman*.

### Legge til rette for kompetanseheving – både individuelt for NYS-tilsette og kollektivt for heile senteret

Nynorsksenteret har alltid hatt tilsette med god og relevant kompetanse, både m.o.t. formell utdanning og yrkesrøynsle. Dei aller fleste har hatt lærarbakgrunn frå grunnskule, vidaregåande utdanning eller UH. Dei første åra hadde senteret også to Ph.d.-stipendiatar. Desse fullførte doktorgradane sine i 2016 og 2017 og har no fagstillingar ved HVO.

Ved omorganiseringa i 2018 hadde sju av åtte i fagstilling ved Nynorsksenteret utdanning på masternivå. Den siste var i gang med masterstudium og planlegg fullføring i 2020.

Det er eit mål for HVO og AHL å auke den formelle kompetansen til dei tilsette ved institusjonen. Det blir gjort m.a. ved å legge til rette for FoU-aktivitet og ymse ordningar for frikjøp. Dette gjeld også for dei tilsette ved Nynorsksenteret, som tidlegare ikkje hadde dei same krava til formell akademisk kompetanse ved tilsetjing. Dei to siste åra har difor alle fagtilsette ved senteret hatt ein liten del av stillinga avsett til FoU-arbeid. (Normalt 20 prosent, som kan aukast til 30 etter søknad.)

Dei fleste NYS-tilsette er med i ei eller fleire forskingsgrupper. To har vore engasjerte i det store DigiHand-prosjektet ved HVO og ein medarbeidar er (saman med ein kollega ved ein annan UH-institusjon) i gang med å skrive ein artikkel som skal fagfellevurderast. Ein NYS-tilsett byrja i august på eit femårig ph.d.-løp finansiert med HVO si 50/50-ordning.

I tillegg til denne tilrettelegginga for individuell kompetanseheving, har vi hatt som mål å gjennomføre meir systematisk felles kompetanseheving på relevante fagområde, t.d. ved eigne fagseminar. Her kom vi ikkje så langt som ynskeleg i 2019.

### Bidra aktivt i HVO/AHL sine etterutdanningstilbod, inkludert Dekomp/Rekomp

Nynorsksenteret har vore aktivt med i AHL sitt Dekomp- og Rekomp-arbeid heilt frå starten i 2017. Vi deltar på interne møte og i gruppene som planlegg aktiviteten, og vi har vore ute i kommunane saman med fagfolk frå dei andre institutta. I 2019 har vi hatt oppdrag på Søre Sunnmøre.

Førebels er Nynorsksenteret sitt bidrag i denne satsinga fullt integrert i AHL/HVO sitt Dekomp/Rekomp-arbeid. Dette blir også hovudmodellen dei komande åra, men vi vonar at spisskompetansen vår kan blir brukt også i andre deler av landet. Det vi i så fall bli i samarbeid med andre UH-institusjonar og/eller andre nasjonale senter.

I tillegg til Dekomp-opppdraga er tilsette ved Nynorsksenteret stadig rundt på frittstående fagdagar, seminar og konferansar og held innlegg for lærarar og barnehagetilsette. Vi har ei liste på nettsida vår med ein del aktuelle emne som interesserte oppdragsgjevarar kan ta utgangspunkt i, men har ikkje førehandsdefinerte menyar eller modular, slik HVO og andre UH-institusjonar marknadsfører sine ordinære etterutdanningstilbod.

Institutt for språk og litteratur har i mange år hatt eit etterutdanningstilbod om «nynorsk i opplæringa». Nokre tilsette ved Nynorsksenteret var tidlegare engasjerte her, både i arbeidet med å utvikle studietilbodet og i undervisinga. Dei vart då frikjøpte av ISL frå deler av NYS-stillinga.

*Volda, 21. april 2020*

*Torgeir Dimmen*

*Senterleiar*

## VEDLEGG 1: Nettstatistikk 2019

### **Unike brukarar på nettsidene** (2018-tala i parentes):

Nynorsksenteret.no: 157 396 (125 122)

Berte og Iver: 6895 (5233)

Nynorsk bok.no: 77 337 (75 087)

Teikneseriar: 30 230 (36 211)

### **Nyhendebrev** (lansert januar 2019):

1108 abonnentar (pr. desember)

### **Sosiale medium:**

Facebook: 8732 likar, 8787 følgjer sida til Nynorsksenteret.

Instagram: 601 følgjarar.

## VEDLEGG 2: Nye og reviderte læringsressursar

### **Barnehageressursar i 2019**

- Berte og Iver-sidene vart oppdaterte for at dei skal fungere på nyare nettbrett og mobilar.
- Vi har publisert tematiske tips-ark («Vinter i barnehagen»).
- Vi har publisert fargeleggingsark knytte til nynorske barnebøker.

### **Barneskuleressursar i 2019**

- Forfattar Asbjørn Rydland har skrive tre fantasy-forteljingar i brettebokformat. Forteljingane er publiserte saman med tilhøyrande skriveopplegg.
- I samarbeid med Ivar Aasen-tunet har vi laga og publisert åtte Bok på 1-2-3-opplegg.
- Forfattar Anna R. Folkestad har skrive forteljinga «Like bra som ei ku», som vi har publisert saman med tilhøyrande opplegg.
- I samarbeid med Foreningen !les har vi laga opplegg til den nynorske leseaksjonen Tid for ti. Vi har òg lese inn tekstar til nettressursen som høyrer til Tid for ti.
- Vi har laga egne ressursider om digitale læremiddel.
- I samarbeid med Olav H. Hauge-senteret og Foreningen !les: *Les for livet.* (Del av *Bok i bruk.*)

### **Ungdomsskuleressursar i 2019**

- Vi har publisert ei oppskrift for korleis lærarar kan laga ein plan for sidemålsopplæring på ungdomstrinnet.
- Vi har laga fleire nye ressursar om kreativ skiving.
- Vi har laga eit bok-i-bruk-opplegg om Grøss og gru-serien.
- Vi har laga ei ressurside om reklame på nynorsk.
- Vi har laga ei samling med nynorske sakprosatetekstar som kan høve for ungdomsskulen.
- Vi har utvikla eit undervisingsopplegg om bruk av biletbøker i ungdomsskulen.
- Vi har laga eit undervisingsopplegg som nyttar hiphop-tekstar som ein måte å lære å ta i bruk ordboka som kreativt verktøy.
- Vi har laga eit undervisingsopplegg for å lære elevar skilnaden på e-verb og a-verb.

### **Ressursar for vidaregåande skule i 2019**

- Vi har laga ei ressurside om reklame på nynorsk.
- Vi har laga ei samling med nynorske sakprosatetekstar som kan høve for vidaregåande skule.
- Vi har laga eit opplegg om bruk av biletbøker i vidaregåande skule.

## VEDLEGG 3: Nynorskkonferansen 2019

Om lag 130 deltok på Nynorskkonferansen 19. – 20. november på Hamar. Dei fleste var lærarar på vidaregåande trinn. Det var også mange frå ungdomstrinnet, men få frå dei yngste klassetrinna. Det var også deltakarar frå UH-sektoren, forlag og offentleg forvaltning. Det var god geografisk spreing på deltakarane. Alle fylke var representerte.

I marknadsføringa la vi stor vekt på at dette skulle vere ein stad der ein både skulle få oppdatert kunnskap om fagfornyninga og gode tips om korleis gjennomføre god og moderne nynorskopplæring. Målgruppa var brei, så i tillegg til plenumsinnlegga tilbød vi parallellsesjonar om FoU-prosjekt og praksisretta seminar tilpassa lærarar på ulike klassetrinn.

Vi la vekt på å finne innleiarar med solid fagkompetanse og som var flinke formidlarar. Målet var at programmet skulle vere aktuelt, relevant og ha ein god temamiks. Vi ville tilby både overordna tema (fagplan, språkpolitikk, forskning) og erfaringsdeling. I plenumsesjonane fekk vi foredrag frå folk som hadde sentrale roller på nasjonalt nivå i arbeidet med fagfornyninga. I sesjonane, med meir praktisk retta innlegg, engasjerte vi lærarar frå grunnopplæringa og UH. Dessutan bidrog vi sjølve i fleire parallellsesjonar med innleiingar og presentasjonar.

Konferansen vart avvikla i lokala til Høgskulen i Innlandet på Hamar. Vi hadde godt samarbeid med norskdosent Jens Haugan og andre der, både i planlegginga og ved den praktiske gjennomføringa.

Hausten 2019 brukte vi mykje tid på arbeidet med å planlegge og marknadsføre konferansen. Nokre NYS-medarbeidarar måtte i to-tre månader velje vekk arbeidsoppgåver som elles ville blitt prioritert. I ettertid konkluderer vi med at dette var rett prioritering. Grundig og detaljert førebuing gjorde at den tekniske og praktiske gjennomføringa gjekk så og seie utan problem.

Endå viktigare er det at deltakarane og foredragshaldarane var svært nøgde. Dette vart registrert både undervegs dei to konferansedagane og i ei nettbasert evaluering etterpå. På dei to spørsmåla om kor nøgde dei var med det faglege utbyttet, valde over 80 prosent alternativ 5 eller 6 på ein skala frå 1-6. På spørsmåla om den praktiske avviklinga var skåren endå høgare – frå 84 (om konferanselokala) til 98 prosent (organisering av konferansen). I fritekstfelte fekk vi inn mange nyttige tilbakemeldingar som vi tar med oss til neste gong vi planlegg stor konferanse. Svarprosenten i nettevalueringa var på 58.

Vi oppsummerer Nynorskkonferansen 2019 som svært vellukka av fleire grunnar:

- Den viktigaste er at vi fekk markert oss tydeleg som eit *nasjonalt* senter. Vi fekk vise fram tilboda våre for lærarar, kommunar og regionar der vi til vanleg er lite kjende. Vi fekk presentere oss for KD, Språkrådet, forlag og fleire UH-institusjonar.
- Det var god geografisk spreing på deltakarane. Svært mange hadde vi ikkje hatt kontakt med før. Vi fekk dermed mange nye kontaktar i nye regionar. Desse kan brukast til å etablere prosjekt i samarbeid med oss og/eller i marknadsføring.
- Konferansen ga oss mykje godt nyhendestoff som vi undervegs og etterpå kunne publisere i dei digitale og trykte formidlingskanalane våre. Mange av foredraga vart også lagt ut fritt tilgjengeleg på nettsida vår.

Utfordringa etter Hamarkonferansen er å utnytte røynslene til å nå ut betre til nye delar av landet. Vi må også ta vare på kontakten med folka og fagmiljøa som bidrog med faglege innlegg. Nokre kan t.d. vere aktuelle som innleiarar på våre eigne fagdagar eller konferansar seinare, eller som samarbeidspartnarar i utvikling av nye læringsressursar.

## VEDLEGG 3: Bokåret 2019. Delrapport frå Nynorsksenteret

Nynorsksenteret hadde hovudansvar for to delprosjekt:

- Kåring av dei beste nynorske barne- og ungdomsbøkene etter år 2000.
- Bok på 1-2-3. Formidling av god barne- og ungdomslitteratur til bruk i opplæringa.

### Dei beste nynorske barne- og ungdomsbøkene etter år 2000

Nynorsksenteret samarbeidde med *Pirion*, *Framtida.no* og *Framtidajunior.no* om å kåre dei ti beste nynorske barne- og ungdomsbøkene etter år 2000 innan fire ulike kategoriar. Grunnlaget for kåringane var innsende forslag frå barn og unge frå heile landet. Juryen gjekk gjennom forslaga og bestemte det endelege utvalet.

### Utval og juryarbeid

Kategoriane var biletbøker, barnebøker, ungdomsbøker og faktabøker utgitt etter år 2000. Berre nynorsk originallitteratur fekk vere med i utvalet, altså bøker som ikkje er omsette frå eit anna språk. Juryen bestemte også at kvar forfattar berre kunne vere representert med ei bok i kåringa (samla sett i alle kategoriane). Dette bidrog til at mange forfattarskapar vart representerte på listene.

Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Liv Astrid Skåre Langnes frå Nynorsksenteret hadde ansvaret for juryarbeidet. Dei andre jurymedlemmane var Troels Poesselt (Foreningen !Les), Janne Karin Støylen (litteraturformidlar, Svidal skriveri) og Trond Strand (leseledar, Sogn og Fjordane).

### Formidling av boklistene

Listene over dei ti bøkene i kvar kategori vart publiserte i perioden september til november 2019 gjennom pressemeldingar og i redaksjonelle saker på nettstadane til Nynorsksenteret og Framtida.

Etter kåringa har Nynorsksenteret laga katalogen *Ein god hyllemeter* med omtalar av dei 40 nominerte bøkene. Her har vi også tatt med tips til ein del andre gode bøker. Dette er bøker som ikkje høyrer heime i ein av dei fire kategoriane eller som andre grunnar ikkje vart med på listene over dei beste nynorske bøkene. Dette er diktsamlingar, teikneseriebøker, peikebøker, bøker av utanlandske forfattarar og eit utval bøker skrivne før år 2000.

### Kostnader

Samla kostnad for dette delprosjektet er kr. 55000. I denne summen er inkludert arbeidstid for Nynorsksenteret (til saman 100 timar), honorar til dei eksterne jurymedlemmene og trykking av katalogen (opplag: 3000). Katalogen blir distribuert gratis frå Nynorsksenteret.

*Bokkatalogen Ein god hyllemeter:*

<https://nynorsksenteret.no/barneskule/gratis-materiell/ein-god-hyllemeter>

### Bok på 1-2-3

Målet med *Bok på 1-2-3* var å vekke interesse for nynorske barnebøker med ulike tema og tverrfaglege undervisningsopplegg knytt til aktuelle læreplanar og det overordna verdigrunnlaget i opplæringa. Opplegga skulle vere prega av lek, undring og læreglede og dei skulle vere enkle å ta i bruk. Guro Kristin Gjøsdal frå Nynorsksenteret har hatt hovudansvaret for dette delprosjektet.

### **Utval og presentasjon**

I samarbeid med formidlar Ida Karin Aarflot Kornberg i Ivar Aasen-tunet valde vi ut ni barnebøker som i løpet av våren og hausten 2019 vart presenterte på Nynorsksenteret og Aasentunet sine nettsider og i sosiale medium. Desse undervisingsopplegga vart også lagt ut i ressursportalen *MuseumsLosen*. Bøkene har vore tilgjengelege for strøyming i ein måned eller meir (etter avtale med forfattarar og illustratørar) slik at dei kunne brukast på storskjerm i klasserommet.

### **Målgrupper og utprøving**

*Bok på 1-2-3* i Bokåret 2019 er i hovudsak laga for trinna 1 til 7, men med moglegheit for tilpassingar. Vi har ønska å vise korleis ein kan arbeide tverrfagleg med litteratur. Biletbøker er ikkje berre for dei yngste elevane. Bøkene inviterer også til analyse av tekst og bilete for dei eldste i grunnskulen.

Vi har hatt ein prosjektskule der nokre av opplegga har vorte prøvd ut av Nynorsksenteret og lærarar ved den aktuelle skulen. På denne måten har vi fått erfaringar og større moglegheit til å evaluere opplegga. Prosjektet har også fått gode tilbakemeldingar i sosiale medium og på ulike konferansar og seminar der det har vore presentert.

### **Kostnader**

Budsjettet for dette delprosjektet var kr. 35000. Denne summen har dekt det meste av royalty-kostnadane til forfattarar og illustratørar for formidling av tekst og bilete på nettet. Resten av royaltykostandane for 2019 (kr. 12000) og engasjementet av den prosjektansvarlege er dekt av eigne midlar.

### **Vegen vidare**

*Bok på 1-2-3* vil halde fram våren 2020, eigenfinansiert av Nynorsksenteret. Vidare framhald blir også vurdert, då med mellom- og ungdomstrinnet som hovudmålgruppe. Vi planlegg også å utarbeide eit hefte med opplegga som kan delast ut til lærarstudentar og lærarar.

Våren 2020 kombinerer Nynorsksenteret vidareføring av *Bok på 1-2-3* med UH-samarbeid. Førebels har vi avtalar med lærarutdanningane Bodø, Volda, Bergen (NLA) og Tromsø om fagdagar i vår regi der røynslene frå prosjektet *Bok på 1-2-3* vil stå sentralt. Målet er at vi i løpet av to-tre år skal nå over alle LU-institusjonane i Noreg med liknande opplegg.

*Meir om Bok på 1-2-3 med oversyn over bøker og undervisingsopplegg:*

<https://www.nynorsk bok.no/category/123/>

*Reportasje frå skule som brukar ressursen:*

<https://nynorsksenteret.no/blogg/engasjerande-og-laererikt-med-bok-pa-1-2-3>